Det juridiske fakultet
Universitetet i Bergen

Kursrapport
JUS124 TINGSRETT, 2. STUDIEÅR 2011/12

Kurset i tingsrett har blitt avvikla i tråd med planen. Studentane har ikkje hatt noko å utsetje på strukturen på kurset med førelesingar, arbeidsgrupper, storgrupper osb., jf. referansegruppemøtet 29. nov. 2011. Det er fleire som er inne å held førelesingar i tingsrett (Ernst Nordtveit, Sigrid Schütz, Erlend Baldersheim og underteikna), og opplegget med delt «ansvar» for førelesingane fungerer bra. Dei ulike problemstillingane innanfor tingsretten er mogeleg å dele inn «teamtisk», og ein unngår dermed meir gjentaking enn det som uansett må reknast å vere ein fordel.

Det er jamt over gode øvingsoppgåver for kurset, både arbeidsgruppeoppgåver og storgruppeoppgåver. Oppgåvene vil likevel bli løpande oppdatert/justert for å fange opp nye aktuelle problemstillingar, lovendringar, nye dommar i Høgsterett osb. Det blir neppe dei store endringane for kurset 2012/13, men det skal i alle fall lagast ei ny oppgåve i sameige, og gjerast nokre endringar på i alle fall ei av storgruppeoppgåvene. Avviklinga av arbeidsgrupper og storgrupper har gått bra. Inntrykket er at «lærarstaben» gjer ein god jobb, og at dei fleste studentane får eit auka engasjement for faget utover i kurset. Det kan nemnast at det har vore nokre diskusjonar på referansegruppemøtet og elles om kva som må ventast av «likskap» av opplegg og gjennomføring av dei ulike storgruppene/ulike storgruppeleiarar. Studentane er svært opptekne å få den same «innputten» før eksamen, og på lærarsida må vi søkje å finne den rette balansen mellom faste opplegg og forskarfridom. Dette har eg snakka med storgruppeleiarane om.

Avvikling av obligatorisk oppgåve og eksamen har gått fint. Sensorkorpset fungerer stort sett godt.

Mvh

Ingunn Elise Myklebust
fagansvarleg